



ØYVAR AS AVD AVLØP
Lonavegen 20 (JE)
5353 Straume

Dato:
25.09.2020

Dykkar ref.:

Rapport frå inspeksjon ved reinseanlegga i tettstaden Litle-Sotra, Bildøyna og Kolltveit-Morlandstø

Kontrollnummer: 2020.165.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

- Stig Hagenes
- Kristine Olsen Strandheim
- Hilde Vik Halleraker
- Øyvind Bohne
- Knut Rune Torsvik
- Cato Dahle

Frå Fylkesmannen i Vestland:

- Anette Heggøy
- Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Storanipa reinseanlegg den 07.09.2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekkja 2 avvik og det blei ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemdas internkontroll har manglar
- To reinseanlegg er ikkje sanerte innan fristen gitt i løyvet

Avvika er nærare omtalte frå side 2 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Britt Solheim
senioringeniør

Kopi til : Øygarden kommune



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: ØYVAR AS AVD AVLØP	
Organisasjonsnr.: 985395292	Eigd av: 985345899
Bransjenr. (NACE-kode): 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann	

Kontrollert eining

Namn: Storanipa	Anleggsnr.: 4626.0115.01
Kommune: Øygarden	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 07.05.2014	Sist endra: 08.12.2016

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen er del av Fylkesmannen sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet blei gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- internkontroll
- prosess og reinseutstyr
- utslepp til vatn
- avfall
- kjemikaliar

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Øyvar AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunna avslutte saka, ber vi om innan 1. desember 2020 å få tilsendt ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta, og kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Britt Solheim.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 31. juli 2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Øyvar AS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil en dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Det blei avdekkja følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemdas internkontroll har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 5, 6, 7 og 8
- Endra løyve etter forureiningslova av 8. desember 2016, punkt 1.2 og 14.2

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta gir regler om kva arbeidet med det systematiske HMS-arbeidet skal omfatte, og kva som skal dokumenterast skriftleg.

Punkt 5- Oversikt over organisasjon og fordeling av ansvar

Verksemda skal ha oversikt over organisasjon, mellom anna korleis ansvar, oppgåver og mynde for arbeid med helse, miljø og tryggleik er fordelt.

Ved tilsynet blei det opplyst om at verksemda har oversikt over både organisasjon og fordeling av ansvar etter gjennomført kommunesamanslåing, men at dette framleis ikkje er dokumentert i internkontrollen. Verksemda sitt organisasjonskart mangla ved tilsynet.

Punkt 6- risiko

I samsvar med løyvet og internkontrollforskrifta skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge fare og problem med omsyn til ytre miljø, og verksemda skal på bakgrunn av dette vurdere risiko. Det skal også utarbeidast tilhøyrande planer og tiltak må gjennomførast for å redusere risikotilhøva.

I løyvet er det krav om at risikovurderinga skal innehalde oversikt over tilhøve knytte til avløpsanlegga som kan føre til forureining. Vurderinga skal leggje særskild vekt på sårbare anleggskomponentar, område med moglege brukarkonfliktar og klimaeffektar som auka nedbørsintensitet og havnivåstigning. Vurderinga ska oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Verksemdas miljørisikovurdering er frå 2015. Øyvar AS opplyste at dei ikkje har oppdatert miljørisikovurderinga etter kommunesamanslåinga. Risikovurdering manglar for Storanipa reinseanlegg. Ved tilsynet blei det oppdaga at sluk i katastrofebassenget for lagring av flytande kjemikaliar, ikkje var lukka. Dette kan føre til at flytande polymer renn direkte inn i reinseanlegget. Lagring av kjemikaliar i nærleiken av sluk er ikkje risikovurdert.

Tiltaksplanen til verksemda bør oppdaterast kvart år, jf. løyve punkt 14.2 årlege vurderingar. Status for oppfølging av tidsfristar var ikkje oppdatert i planen.

Punkt 7- rutinar

I samsvar med krav i internkontrollforskrifta, pliktar verksemda å iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av lov.

Driftsrutinar og rutinar for førebyggjande vedlikehald var ikkje oppdaterte sidan 2007. Nytt FDV-system blei tatt i bruk i Øygarden kommune i 2020. Det blei opplyst om at rutine for bruk av systemet ikkje var innlemma i verksemdas internkontroll. Det var heller ikkje loggskjema i FDV-systemet som blir brukt ute i felt.

Punkt 8- systematisk gjennomgang av internkontrollen

Internkontrollforskrifta har krav om at det skal gjennomførast ein systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen, for å sikre at han fungerer som forventa.

Verksemda kunne under tilsynet ikkje dokumentere korleis ein systematisk gjennomgang av internkontrollen for ytre miljø blir gjennomført. Internkontrollen til verksemda, bortsett frå miljørisikovurderinga, var ikkje oppdatert sidan 2007.

Avvik 2

To reinseanlegg er ikkje sanerte innan fristen gitt i løyvet

Avvik frå:

Endra løyve etter forureiningslova av 8. desember 2016, punkt 2.7

Kommentarar:

Storanipa reinseanlegg stod ferdig 4. desember 2019. Øyvar AS overtok anlegget frå leverandøren i mars 2020. I gjeldande løyve punkt 2.7, er det krav om at Valen RA, Knarrevik RA/Hjelteryggen RA og Våge RA vil bli sanerte og overført til Storanipa RA innan 2019.

Ved tilsynet blei det opplyst at Knarrevik RA og Hjelteryggen RA ikkje er ombygd til pumpestasjonar som planlagt, og at avløpsvatnet frå desse anlegga ikkje er vidareført til Storanipa RA innan fristen. Øyvar AS opplyser at avløpsvatn frå dei to anlegga vil bli overført til det nye reinseanlegget i løpet av vinteren.

7. Merknader

Vi ga ingen merknad under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden blei slått saman til ein kommune 1. januar 2020. Det nye namnet er Øygarden kommune. Øyvar AS drifter vatn, avløp og renovasjon i nye Øygarden kommune.

Reinseanlegget Storanipa stod ferdig 4. desember 2019. Totalt 11 mindre avløpsanlegg er og skal sanerast, og avløpsvatnet er blitt/skal overførast til det nye anlegget. I løpet av 2020 vil om lag 13 000 personar vere tilknytt det nye anlegget som har ein kapasitet for å ta imot avløpsvatn frå fleire enn 40 000 personar ved full drift. Prisen på reinseanlegget var 240 millionar kroner og kostnadene totalt med overføringsleidningar var på 420 millionar kroner. Det nye anlegget overheld reinsekravet som er gitt i utsleppsløyvet frå Fylkesmannen. Verksemda har hatt nokre problem med prøvetakinga. For å prøve å finne ei løysing på problema, vil det bli testa ut om plasseringa av prøvetakarane kan endrast.

Øyvar AS har gitt krav om å bruke tette tankar for oppsamling av avløpsvatn der utsleppa blir ført til sårbare resipientar.

Vi har mottatt utkast til «Program for Byfjordsundersøkelsen 2021-2024». Vi saknar vurderingar for plasseringa av nytt prøvepunkt. Kor ligg prøvepunktet jamført med det nye utsleppspunktet og forventa straumretning og innblanding i sjøen. Dersom prøvepunktet ligg nær utsleppspunktet, er det då planlagt for fleire prøvepunkt lengre bort frå utsleppet, som

viser korleis utsleppet påverkar resipienten elles? Tal på prøvepunkt og plasseringa av desse, må vere tilfredsstillande for å kunne vurdere påverknad frå utsleppet på resipienten.

Det må dokumenterast at utsleppa ikkje medfører at vasskvaliteten tapar seg, slik at reinsekrav ikkje må revurderast. Vi viser til krav i løyvet om at «*Dersom overvakinga syner at utsleppa har skadeverknader på miljøet, eller at område-inndelinga for resipientane i Fjell kommune blir endra, vil Fylkesmannen setje ein frist på inntil sju år for å etterkomme sekundærreinskravet.*»

I utkastet for prøvetakinga er det berre planlagt å ta prøver i 2021 og ikkje i løpet av dei andre åra.

Vassforskrifta tilrår ein frekvens for prøvetaking kvart tredje år for ein del av dei biologiske parameterane, blant anna for botndyr. Vidare er det eit krav om overvaking kvart fjerde år i forureiningsforskrifta. Det er også krav om overvaking kvart fjerde år i løyvet for utslepp i det tettbygde området.

Fylkesmannen ønsker å bli informert og få høve til å kommentere på planlagt program for overvaking. Dette også i samsvar med utsleppsløyvet.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen